

AVTALE OM HEIMEKOMPOSTERING

Avtalen er inngått mellom eigar/leigetakar av

Gardsnr. _____ Bruksnr. _____ Festenr. _____ Seksjonsnr. _____

Namn: _____

Adresse: _____

og

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR)

Type bingje: _____

Det gjeld fylgjande føresetnader for avtalen:

1. Alt kjøkenavfall og organisk komposterbart avfall (våtorganisk avfall) skal komposterast.
2. Restavfallet skal ikkje innehalde komposterbart materiale, og skal leverast kvar 4. veke.
3. Komposteringa skal drivast heile året.
4. Til komposteringa skal det brukast ein eigna varm-kompostbingje som er typegodkjend, eller godkjend av VØR. Det vil seie at den må vere isolert på alle 6 sider og sikra mot til dømes gnagarar, kattar, hundar og rev.
5. Avfallet skal sorterast godt, slik at komposten kan nyttast direkte som jordforbetring.
6. I tillegg til kompostbingjen skal det vere tilgjengeleg eit lager av strø. Strøet kan vere tørt hageavfall, frest/opphakka avfall frå busker og tre, bark, torv, grovt kutterspon eller liknande. For at komposten skal verke godt, og for å unngå lukt, skal det blandast strø kvar gong det vert lagt fuktig matavfall i komposten. Avfall som kan gje luktulemper som ferskt kjøt, fisk eller rekeskal, skal gravast litt ned i komposten.
7. VØR har rett til å føre tilsyn med at komposten fungerer akseptabelt, og kan gje pålegg om endringar eller opphøyr dersom avtalen vert broten.
8. Matavfallsbeholdaren må vere innlevert eller sett tilgjengeleg for henting.

Stad / dato: _____

Signatur eigar / leigetakar: _____

For VØR: _____